

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 09.05.2007
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Torleiv Bergland
Saka gjeld: **Tilskot til dekning av pensjonskostnader i samband med bestillinga 2007 for Haraldsplass Diakonale Sykehus**

Styresak 043/07 O

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Styremøte 23.05. 2007

Innleiing

Haraldsplass Diakonale Sykehus AS (HDS) er ei privat ideell verksemd som har driftsavtale med Helse Vest.

Forholdet til Helse Vest er regulert gjennom ein rammeavtale og ei årleg bestilling. Bestillinga inneheld mellom anna føringar om behandlingstilbod, prioriterte pasientgrupper, årleg økonomisk ramme og eventuell annan prisfastsetting, volum/kapasitet på tenestene osb.

I samband med bestillinga for 2007 har det oppstått usemje mellom Helse Vest og HDS når det gjeld tilskot til dekning av pensjonskostnader.

Kommentarar

Stortinget vedtok i samband med statsbudsjettet for 2007 å løyve ein mrd. kroner til dekning av auka pensjonskostnader. Auken i kostnader skuldast endringar av kriteria for berekninga av pensjonskostnader.

Private ideelle verksemd med driftsavtale med regionalt helseføretak var inkludert i ekstraløyvinga.

Når det gjeld fordelinga av midlar til dekning av pensjonsutgifter blei berekninga som vart utført av KLP, og som var grunnlaget for overføringane frå Helse- og omsorgsdepartementet, satt til 4 841 000 kroner når det gjaldt HDS. Det er det same beløpet som Helse Vest har fått opplyst direkte frå KLP.

Parallelt med dette har HDS òg fått utført berekningar frå KLP og fått oppgjewe eit beløp på 7,5 mill. kroner som ekstra pensjonskostnader. I ettertid har KLP innrømma at berekninga for departementet og det som er vidareformidla til Helse Vest, var ei skjønnsmessig vurdering og såleis ikkje korrekt. I samband med bestillinga krev derfor HDS at dei får 7,5 mill. kroner til dekning av pensjonsutgifter.

Helse Vest har fått tilbakemelding frå HOD om at det ikkje er aktuelt å overføre meir midlar til Helse Vest i denne forbindelse. HOD vil heller ikkje gå inn for å utføre nye berekningar og såleis opne opp for ei eventuell omfordeling av midlane mellom dei regionale helseføretaka.

Med bakgrunn i at vurderinga om pensjonsmidlar til HDS var skjønnsmessig frå KLP, og HDS var ein del av heile vurderinga som gjaldt Helse Vest, er det òg skjønnsmessige vurderingar som ligg til grunn for resten av Helse Vest.

På denne bakgrunn har administrerande direktør valt å halde fast ved tilbodet om 4,8 mill. kroner i samband med bestillinga for 2007.

HDS er av den oppfatning av dei har rett på 7,5 mill kroner og at ein feil frå KLP si side ikkje kan leggjast til grunn for forskjellsbehandling av HDS.

Helse Vest er av den klare oppfatning at HDS er behandla på same måte som dei andre private ideelle og våre eigne helseføretak. Våre eigne helseføretak er ikkje tilført ekstra midlar til dekning av pensjonsutgifter ut over dei berekningar som KLP la til grunn, og som er grunnlaget for overføringane til Helse Vest.

Isolert sett vil pensjonsdekning ikkje vere i samsvar med forventningane frå HDS. Dette må likevel sjåast i ein heilskapleg samanheng der HDS for 2007 samla vert tilført 12,5 mill. kroner utover prisjustering. Inkludert i denne auken ligg ekstra kapitaltilskot, jf. styresak 003/07.

HDS er òg tilbudd å få overført ca. 3,4 mill kroner som del av Helse Vest RHF sin ekstratildeling på 100 mill. kroner. Dette endrar ikkje kravet frå HDS. Desse midlane er ein del av auken på 12,5 mill. kroner.

Med bakgrunn i at HDS ikkje har akseptert og signert bestillinga for 2007, har Helse Vest valt å trekkje bestillinga tilbake og leggje saka fram for styret. Dette betyr òg at tilbodet om å få ein del av dei 100 mill. kronene er trekt.

Vurdering

Helse Vest ønskjer å halde fast på tilbodet om å tilby HDS 4,8 mill kroner til dekning av auka pensjonskostnader i samband med bestillinga for 2007 og meiner at tilbodet HDS har fått i sin heilskap er basert på føresetnader frå HOD.

Helse Vest vil ta opp spørsmålet om berekning av pensjonskostnader med HOD i forbindelse med budsjettet for 2008.